



Nynorsk kultursentrum

Vestfold og Telemark fylkeskommune
post@vtfk.no

Vinje, 8. januar 2020

Høyringsinnspel – ny kulturstrategi

Nynorsk kultursentrum er glade for førsteutkastet til ny kulturstrategi, og vi er stolte av å vere ein del kulturfylket Vestfold og Telemark.

Norsk språk som grunnleggjande kulturberar

Nynorsk kultursentrum meiner planen på overordna nivå tek omsyn til dei fleste av dei overordna kulturpolitiske måla i *Kulturens kraft*. Vi saknar likevel medvitne tiltak for å styrkje norsk språk som grunnleggjande kulturberar. Meldingsdelen av [Prop. 108 L \(2019–2020\) Lov om språk](#), særleg kapittel 2 og 5, er viktig og relevant grunnlag saman med dei andre dokumenta som er lista opp.

Ein svært viktig del av den regionale identiteten i Vestfold og Telemark er språk. Begge fylka har stolte litterære tradisjonar, og for vår del er det særleg viktig å nemne at to av dei største forteljarane i norsk litteraturhistorie sat i høvesvis Holmestrand og Vinje, Olav Duun og Tarjei Vesaas, og dikta.

Vi ønskjer gjennomgåande at fylkeskommunen sitt ansvar for litteratur og språk på nynorsk og bokmål vert synlegare gjennom strategien.

2.1 Stadutvikling

Vi meiner at Henrik Ibsen kan utvidast til «Henrik Ibsen og litterær kulturarv». På den måten vert både poesibyen Larvik og satsinga Vinje gjer for litteratur inkludert i dette.

Nynorsk kultursentrum reknar med at Litteraturdagane i Vinje kan vere eit av dei regionale kulturarrangementa som kan bidra til stadutvikling i Vest-Telemark.

Vi vil føreslå endring i det sjuande kulepunktet på s. 7 til «bidra til å styrke bibliotekenes rolle som lokale litteraturhus og arenaer for folkeopplysing sammen med andre kulturaktører i fylket». Vi har trua på at museum, arkiv, festivalar og andre aktørar har mykje å tene på samarbeid med biblioteka, og at fylkeskommunen bør leggje aktivt til rette for det. Vi deltek allereie i slike samarbeid i både Møre og Romsdal, Vestland og i Vestfold og Telemark, og styrkjer gjerne dette arbeidet i dette fylket.

2.2 Inkludering

Nynorsk kultursentrum meiner at inkludering og relevans, både gjennom medverknad og medvit, er avgjerande for at offentleg støtta kulturpolitikk skal vere relevant i framtida. Satsingane de nemner er gode. Vi skulle gjerne sett «språkbakgrunn» verte nemnd i innleiinga saman med geografi og kulturell bakgrunn.

Her bør de også nemne at sommerles.no også finst i varianten sommarmarles.no for å inkludere nynorskbiiblioteka i Vestfold og Telemark, og gjere desse synlege.



Indrehovdevegen 176
6160 Hovdebygda
Org.nr. 976 013 263
Bank 3991 40 21530

Tlf. 70 04 75 70
post@nynorsk.no
nynorsk.no

aasentunet.no
haugesenteret.no
vinjesenteret.no
allkunne.no



2.3 Kunnskap

Dette kapitlet viser eit positivt ønske om å styrkje kunnskap og forskning både om og i kulturfeltet. I tråd med statleg museumspolitikkk kan eit tilleggspunkt vere «styrke forskingskompetansen i musea gjennom samarbeidsprosjekt».

2.4 Aktivitet

Vi vonar vi kan vere samarbeidspart for prosjektet «litterær stolpejakt» i Vestfold og Telemark, som ein profesjonell litteraturinstitusjon med fire fast tilsette, og erfaring med tilsvarande opplegg i Vestland og Møre og Romsdal.

I og med at de er bidragsytar til å etablere eit nasjonalt senter for diktning og journalistikk i Vinje i 2021, kan dette godt verte nemnd her i lag med andre litterære satsingar. Her kan også eit punkt om å «synleggjere mangfald av dialektar, bokmål og nynorsk i Vestfold og Telemark» vere aktuelt for å følgje opp språklova og kulturmeldinga.

Nynorsk kultursentrum ser fram til kva erfaringar de etablerer for grønare arrangement, og vil gjerne vere involvert i oppfølging av desse prosjekta. Litteraturdagane i Vinje kan vere eit ruralt døme, dersom de treng eit slikt.

2.5 Arenaer

Nynorsk kultursentrum reknar med at vi er inkludert i omgrepet «de konsoliderte museene» i dette kapitlet, og deler i alle fall ambisjonen om å vere knutepunkt i den kulturelle infrastrukturen.

2.6 Internasjonalisering

Nynorsk kultursentrum deltek gjerne i internasjonale samarbeid der det kan vere aktuelt i framtida.

Kulturstrategien gjer oss motiverte til å styrkje vårt nærvær i Vestfold og Telemark. Vi vonar de aukar omfanget av og presiserer meir i strategien for å nå dei språkpolitiske ambisjonane både staten og fylkeskommunen har. Vi er gjerne ein ressurs og samarbeidspart for slikt arbeid.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Per Magnus Finnanger Sandsmark
direktør Nynorsk kultursentrum

Kristian W. Rantala
arenaleiar Vinjesenteret